



12. november 2020  
Studentersamfundet i Trondhjem

Studentersamfundet i Trondhjem takkar for moglegheita til å spela inn til den nye ekspertgruppa som skal foreslå tiltak for studentane i desse tider.

Fyrst av alt vil eg sei at me synes det er utruleg flott at de har oppretta denne gruppa. Dette viser at de tar studentane si psykiske helse seriøst. Det er ikkje tvil om at det trengst no.

Me vil fremja at det er viktig at de styrkar studentersamfunna i denne perioden. Det å la studentane skapa noko heilt eige er utruleg viktig for både psykisk helse og generell trivsel. Engasjementet for å skapa felles møteplassar har vore tydelegare under korona enn nokon gong tidlegare. Dette har me sett gjennom heile semesteret, når våre 1400 frivillige har hiv seg rundt og skapt eit stort tilbod for resten av byens studentar, på trass av strenge restriksjonar. Det har gjort at me framleis har kunna vera ein sentral møteplass, noko som har vore viktigare enn nokon gong no som det har vore så liten tilgang til å møtast på campus og andre stadar.

Studentersamfundet i Trondhjem, og fleire med oss, har kome inn i ein vanskeleg økonomisk periode som følge av nedstenging og restriksjonar. Sjølv om det å halda ope har hatt store økonomiske konsekvensar, synes me likevel det er heilt essensielt å kunne skapa eit tilbod til studentane i desse tider. Me vil difor tilrå at ekspertgruppa gir ekstra økonomisk støtte til studentersamfunn i denne perioden, for at me og andre skal kunne fortsetja med å skapa desse viktige møteplassane for studentar. Til dømes kunne ei slik støtte gått til å dekka kostnadane av ekstra reinhald, hand- og overflatesprit, plexiglas, ekstra- bord og stolar no som alt må vera sitteplassar, eller generelt støtte fordi ein ikkje klarar å selja nok og dimed går i underskot ved å halda ope.

Studentersamfundet i Trondhjem ynskjer også at fleire studentar skal kunne bidra og ta del i det fellesskapet me har på Huset - og derfor jobbar me no mot å utvida Samfundet. Planlagt byggjestart vil vera allereie i oktober 2021. Den 1. november 2020 sendte me inn ein søknad til Kunnskapsdepartementet om støtte til vårt Prosjekt Nybygg. Ved å løyva støtte til utbygginga, viser de at de tar studentane sin trivsel i studiebyen seriøst, ikkje berre under korona, men også i normale tider. Søknaden ligg vedlagt.

Venleg helsing

Karen Mjør  
Leiar for Studentersamfundet i Trondhjem  
Tlf. 90981195